

Handlingsplan for trygt og godt skulemiljø i Fjalerskulane



Rett til eit trygt og godt skudemiljø

Alle elevar har rett til å ha eit **trygt og godt skudemiljø** som fremtar helse, trivsel og læring.

Det er elevane si **eiga oppleving** av korleis dei har det på skulen, som er avgjerande.



1

Skulen si aktivitetsplikt

Alle som jobbar på skolen skal:

- følgje med på at elevane har eit trygt og godt skudemiljø
- gripe inn mot krenkingar (som mobbing, vold, diskriminering og trakkassering) og stoppe det med ein gong, dersom det er mogleg
- seie frå til rektor ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt
- undersøkje det som har skjedd
- lage ein plan og setje inn eigna tiltak

Dersom ein elev opplever å bli krenkt av ein lærar eller andre som jobbar på skulen, har skulen ei skjerpa aktivitetsplikt



2

Melde saka til statsforvaltaren

Dersom du meiner at skulen ikkje har gjort nok, kan du melde saka til statsforvaltaren.

- Først må du ta opp saka med rektor på skulen.
- Det må ha gått minst ei veke frå du tok opp saka med rektor.
- Saka må gjelde skolemiljøet på den skulen eleven går på no.
- Er det heilt spesielle tilfelle, kan du uansett ta kontakt med statsforvaltaren.


Statsforvaltaren skal finne ut om skulen har oppfylt aktivitetsplikta si, og bestemme kva skulen skal gjere for at eleven får det trygt og godt på skulen.



Nullmobbing.no

På nullmobbing.no finn du informasjon om:

- kva for rettar elevar og foreldre har
- kva du kan gjøre dersom barnet ditt ikkje har det trygt og godt på skulen
- kven du kan ta kontakt med
- Korleis du kan melde frå



Elevane sitt skolemiljø - Lovtekst og rutinar

Her finn du alltid det siste om skolemiljø

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skolemiljo/>

§ 9 A-1 Verkeområde for kapittelet

Kapittelet her gjeld for elevar i grunnskulen og den vidaregåande skulen. Kapittelet gjeld òg for elevar som deltek i leksehjelpordningar og i skulefritidsordningar, med unntak av §§ 9 A-10 og 9 A-11

§ 9 A-2 Retten til eit trygt og godt skolemiljø

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring

§ 9 A-3 Nulltoleranse og førebyggjande arbeid. Det psykososiale miljøet

Skulen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakkassering.

Skulen skal førebyggje brot på retten til eit trygt og godt skolemiljø ved å arbeide kontinuerleg for å fremje helsa, trivselen og læringa til elevane

§ 9 A-4 Aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skolemiljø

Alle som arbeider på skulen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skolemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakkassering dersom det er mogleg.

Alle som arbeider på skulen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Rektor skal varsle skuleeigar v/kommunalsjef oppvekst i tilfelle der det vert laga tiltaksplan.

Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, skal skulen snarast undersøkje saka.

Når ein elev seier at skolemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skulen så langt det finst eigna tiltak sørge for at eleven får eit trygt og godt skolemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø.

Skulen skal sørge for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i skulen sitt arbeid.

Skulen skal lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. I planen skal det stå

- a) kva problem saka skal løyse
- b) kva tiltak skulen har planlagt
- c) når tiltaka skal gjennomførast
- d) kven som er ansvarleg for gjennomføring av tiltaka
- e) når tiltaka skal evaluerast.
- f) Evaluering

Skulen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til femte ledd. Undersøking og tiltak etter § 9 A-4 tredje og fjerde ledd skal setjast i verk straks.

§ 9 A-5 Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider på skulen, krenker ein elev

Dersom ein som arbeider på skulen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skulen, utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakkassering, skal vedkommande straks varsle rektor. Rektor skal varsle skuleeigaren. Dersom det er ein i leiinga ved

skulen som står bak krenkinga, skal skuleeigaren varslast direkte av den som fekk mistanke om eller kjennskap til krenkinga. Undersøking og tiltak etter § 9 A-4 tredje og fjerde ledd skal setjast i verk straks.

§ 9 A-6 Statsforvaltaren si handheving av aktivitetsplikta i enkeltsaker

Dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, kan eleven eller foreldra melde saka til Statsforvaltaren etter at saka er teken opp med rektor.

Statsforvaltaren skal avgjere om aktivitetsplikta etter §§ 9 A-4 og 9 A-5 er oppfylt. Dersom saka ikkje er teken opp med rektor, eller om det er under ei veke sidan ho vart teken opp, skal Statsforvaltaren avvise saka, med mindre særlege grunnar gjer dette urimeleg. Det same gjeld dersom saka ikkje gjeld skolemiljøet på skulen der eleven går når saka blir meldt til Statsforvaltaren.

Skulen og skuleeigaren skal utan hinder av lovfesta teieplikt legge fram alle opplysningars som Statsforvaltaren meiner må til for å greie ut saka. Statsforvaltaren skal sørge for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i Statsforvaltaren si saksbehandling.

Kjem Statsforvaltaren til at skulen ikkje har oppfylt aktivitetsplikta etter §§ 9 A-4 og 9 A-5, kan Statsforvaltaren vedta kva skulen skal gjere for å sørge for at eleven får eit trygt og godt skolemiljø. Det skal setjast ein frist for gjennomføringa av vedtaket, og Statsforvaltaren skal følgje opp saka. Statsforvaltaren kan vedta reaksjonar etter skulen sitt ordensreglement, jf. § 9 A-10, eller at ein elev skal bytte skule, jf. § 9 A-12.

Avgjerda til Statsforvaltaren er eit enkeltvedtak og kan påklagast etter reglane i forvaltningslova. Skuleeigaren har ikkje klagerett.

§ 9 A-7 Det fysiske miljøet

Skulane skal planleggjast, byggjast, tilretteleggjast og drivast slik at det blir teke omsyn til tryggleiken, helsa, trivselen og læringa til elevane.

Det fysiske miljøet i skulen skal vere i samsvar med dei faglege normene som fagmyndighetene til ei kvar tid tilrår. Dersom enkelte miljøtilhøve avvik frå desse normene, må skulen kunne dokumentere at miljøet likevel har tilfredsstillande verknad for helsa, trivselen og læringa til elevane.

Alle elevar har rett til ein arbeidsplass som er tilpassa behova deira. Skulen skal innreiaast slik at det blir teke omsyn til dei elevane ved skulen som har funksjonshemminger.

Dersom ein elev, ein forelder eller eit av råda eller utvala ved skulen der desse er representerte, ber om tiltak for å rette på fysiske miljøtilhøve, skal skulen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningsloven. Om skulen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i forvaltningsloven som om det var gjort enkeltvedtak.

§ 9 A-8 Elevdeltaking i arbeidet med skolemiljøet

Elevane skal få ta del i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet for eit trygt og godt skolemiljø.

Elevrådet kan oppnemne representantar til å vareta elevane sine interesser overfor skulen og styresmaktene i skolemiljøsaker. Dersom det finst eit arbeidsmiljøutval eller liknande organ ved skulen, kan elevane møte med opp til to representantar når utvalet behandlar saker som gjeld skolemiljøet. Representantane skal bli kalla inn til møta med talerett og rett til å få meininga si protokollert. Dei skal ikkje vere til stades når utvalet behandlar saker som inneheld opplysningar som er omfatta av lovfesta teieplikt.

Representantane skal få den informasjonen dei treng, men ikkje opplysningar som er omfatta av lovfesta teieplikt. I den mon det trengst, har dei rett til opplæring for å skjøtte oppgåvane og fritak frå undervisninga.

§ 9 A-9. Informasjonsplikt og rett til å uttale seg

Skulen skal informere elevane og foreldra om rettane i dette kapittelet. Skulane skal òg informere om aktivitetsplikta etter §§ 9 A-4 og 9 A-5 og om høvet til å melde saka til Statsforvaltaren etter § 9 A-6.

Dersom skulen finn ut at noko ved skolemiljøet kan skade helsa til elevane, skal elevane og foreldra snarast mogleg varslast om det.

Samarbeidsutvalet, skuleutvalet, skalemiljøutvalet, elevrådet og foreldra skal haldast informerte om alt som er viktig for skalemiljøet, og så tidleg som mogleg takast med i arbeidet med skalemiljøtiltak. Dei har rett til innsyn i all dokumentasjon som gjeld det systematiske arbeidet for eit trygt og godt skalemiljø, og har rett til å uttale seg og komme med framlegg i alle saker som er viktige for skalemiljøet

§ 9 A-10 Ordensreglement

Kommunen skal gi forskrift om ordensreglement for den enkelte grunnskule, og fylkeskommunen skal gi forskrift om ordensreglement for den enkelte vidaregåande skule.

Reglementet skal gi reglar om rettane og pliktene til elevane så langt dei ikkje er fastsette i lov eller på annan måte. Reglementet skal innehalde reglar om orden og oppførsel, om kva tiltak som kan nyttast mot elevar som bryt reglementet, og om korleis slike saker skal behandlast.

Skulen kan berre nytte tiltak som er fastsette i ordensreglementet. Tiltaka skal ikkje innebere fysisk refsing eller anna krenkande behandling. Før det blir teke avgjerd om tiltak, har eleven rett til å forklare seg munnleg for den som skal ta avgjerala.

Ordensreglementet skal gjerast kjent for elevane og foreldra.

Definisjon av omgrepene krenking / mobbing

Krenkande åtferd: Med krenkande åtferd meiner vi alle former for negativ åtferd som rammer andre fysisk eller psykisk. Krenkande åtferd kan skje som enkelthandlingar eller gjentekne handlingar. Krenkande åtferd kan vere sjikane gjennom ord og handling som vert utført utan respekt for den andre sin integritet. (Bergen kommune, skriven om til nynorsk)

Mobbing:

Med mobbing meiner vi gjenteken negativ, eller "vondsinna" åtferd frå ein eller fleire retta mot nokon som har vanskeleg for å forsvare seg og der det er ubalanse i maktforholdet. Systematisk utesenging eller gjenteken erting på en ubehageleg og sårande måte er også mobbing. (udir)

Vold: Med vold meiner vi at nokon bruker fysisk og psykisk makt for å skade andre.

Rasisme: Med rasisme meiner vi at nokon blir forskjellsbehandla eller plaga fordi dei har annen hudfarge, ein anna religion, snakkar eit anna språk eller har ein annan kulturell bakgrunn

Diskriminering: Med diskriminering meiner vi dårligare behandling, trakassering og forskjellsbehandling på grunn av kjønn, seksuell legning, funksjonsevne, tru, hudfarge eller etnisk opprinnelse.

Utestenging: Med utestenging meiner vi å bli holdt utanfor en gruppe eller klasse der ein høyrer naturleg til.

Uthenging: Med uthenging meiner vi krenkande ord og negativ omtale skriftleg og munnleg, samt på internett og sosiale medier

Det er eleven sin eigen oppleving av korleis ho/han har det på skulen som er avgjerande om skulen skal undersøke!

Mål for arbeidet med eit godt, trygt og inkluderande skulemiljø i Fjalerskulane

- Skulen har nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering
- Skulen arbeider systematisk med kommunikasjon, sosial kompetanse og andre tiltak for å betre skulemiljøet og førebygge krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering.
- Skulen har rutinar for å avdekke krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering, og rutinar for korleis skulen handterer saker der elevar ikkje har det trygt og godt på skulen.

Førebyggande tiltak

- Skulane har faste rutinar for overgangen barnehage – barneskule – ungdomsskule. Skulen vurderer samansetjing av klassar og grupper ved oppstart på ungdomssteget etter dei opplysningane ein har fått frå barnesteget. Det vert teke omsyn til eventuell tidlegare krenking.
- Ordensreglane til skulane seier klart at krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakkasering ikkje vert akseptert, og at det straks vert gripe inn mot slik krenking.
- Personel og leiinga ved skulane er godt kjende med aktivitetsplikta i §§ 9 A-4 og 9 A-5, og veit at alle som arbeider på skulen har plikt til å følgje med, gripe inn og varsle dersom dei får kjennskap til at ein elev ikkje har eit godt og trygt skulemiljø.
- På alle trinn vert det gjennomført elev- og foreldresamtaler der trivsel er eit sentralt tema.
- Skulane gjennomfører årleg i regi av Udir «Elevundersøkelsen» for 5.-10. trinn
- Sentralt i arbeidet for godt, trygt og inkluderande skulemiljø arbeider må skulane arbeide for å skape god tillit mellom elevar, føresette og tilsette
- Tett samarbeid mellom skulehelsetenesta og skulane om førebyggande tiltak
- Uteområdet på skulane må vere lagt til rette for varierte aktivitetar.
- Tilsette har ekstra merksemd på skjerma/uoversiktlege område inne og ute på skuleområdet
- Skulen si inspeksjonsordning er oppdatert og med nok bemanning til ei kvar tid. Ha ekstra fokus på overgangar, td inn og ut frå friminutt.
- Klassemiljøet vert drøfta og miljøfremmande tiltak skal gjennom førast i alle klassar jamnleg
- Krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering er tema i alle klassar minimum ved starten av kvart skuleår. Alle lagar klassereglar
- Skulen gjennomfører miljøtiltak på tvers av trinna
- Konflikter vert raskt handtert
- Tilsette nyttar loggbok fast og planmessig
- Kontaktlærar gjennomfører minimum 2 elevsamtaler i året
- Foreldre vert oppmoda til å snakke med barna og melde frå om signal som kan tyde på at krenking førekjem. Vere særleg merksame på teikn på mobbing på nett
- Temaet krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering, vert teke opp på klasseforeldremøte, FAU-møte, samarbeidsutvalsmøte og skulemiljøutvalsmøte, samt i særsmøte for leiarar oppvekst.

- Skulen v/skuleleiing går gjennom handlingsplanen med tilsette kvart år. Planen vert drøfta i elevråd, FAU og skulemiljøutvalet. Likeeins vert planen gjennomgått årleg i særsmøta for leiistar oppvekst.

Faresignal /kjenneteikn på krenking

- Auke fråvær frå skulen
- Vondt i magen/hovudet
- Få vene. Går/står ofte åleine
- Engsteleg. Sein til å forlate klasserommet i friminutta / vil ikkje ut / søker ekstra kontakt med lærar
- Humørsvingingar. Tek lett til tårene / aggressiv i konflikter
- Søker yngre vene
- Ofte depremert
- Brå fagleg tilbakegang
- Øydelagde kle/fysiske skader
- Vert brukt/narra til å gjere «dumme» ting

Rutinar for aktivitetsplikt

Dersom tilsett ser, får mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen

- Om det er ein aktuell situasjon – gripe inn og stoppe situasjonen
- Straks varsle rektor
- Rektor dokumenterer varselet i eiga mappe i websak – varsel 9A
- Saka skal straks undersøkast. Den tilsette som såg situasjonen og/eller kontaktlærar undersøker.
- Det skal gjerast ein samanstilling/analyse av funna i undersøkingane som grunnlag for å setje inn eigna tiltak. Samanstilling/analyse vert skrive inn i tiltaksplanen.
- I tilfelle der det vert laga tiltaksplan varslar rektor skuleeigar. Tiltaksplanen vert lagt på elevmappa eller eiga sak, der skuleeigar har tilgang.

Når eleven seier at skulemiljøet ikkje er trygt og godt

- Undersøke (sjå udir. Mobbing og mistrivsel – kva skal skulen gjere?)

Når analyser av undersøking viser at eleven ikkje har det trygt og godt

- Finn tiltak som gjer at eleven får eit trygt, godt og inkluderande skulemiljø
- Involverte elevar vert høyrd

Når det skal lagast tiltak i ei sak

- Skulen lagar skriftleg tiltaksplan. Der skal det stå:
 - Kva problem planen skal løye
 - Kva tiltak skulen har planlagt
 - Når tiltaka skal gjennomførast
 - Kven som er ansvarleg for tiltaka
 - Når tiltaka skal evaluerast
 Evaluering skal skriftleggjera

Når det vert avdekka at dei som arbeider på skulen ikkje undersøker i tråd med regelverket

- Skuleeigar tek over og undersøker i den konkrete saka. Følgjer opp i tråd med aktivitetsplikta. Skuleeigar følgjer opp skuleleiing i høve opplæring i regelverket.

Når det vert avdekka at skuleeigar ikkje undersøker i tråd med regelverket.

- Skuleeigar sender brev om den konkrete saka til Statsforvaltaren

Tilsett ved skulen krenker elev

Dersom tilsett ved skulen får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider ved skulen utset elev for krenking av noko slag

- Straks varsle rektor
- Rektor dokumenterer varselet i eiga mappe i websak
- Rektor varslar skuleeigar
- Rektor undersøker saka, analyserer funna, dokumenterer i websak internt notat til skuleeigar det undersøkinga viser. Skuleeigar følgjer opp dersom undersøkingane viser at det naudsynt.

Dersom det er ein i leiinga av skulen som står bak krenkinga

- Straks varsle skuleeigar direkte
- Undersøking og tiltak etter §9 A-4 tredje og fjerde ledd vert straks sett i verk

Tiltaksplan ved krenking elev – elev

Når det vert meldt frå om, eller oppdaga krenking, skal følgjande prosedyre følgjast

- Den som får melding om, eller oppdagar krenkinga skal gripe inn og stoppe den aktuelle situasjonen
- Etter å ha gripe inn og stoppa den aktuelle situasjonen, skal det signaliserast at dette ikkje vert godteke og at det umiddelbart vert meldt frå til kontaktlærar og rektor.
- Rektor har ansvar for korrekt handsaming i høve lovverket.
- Tilsett og/eller kontaktlærar undersøker nærmare. Kontaktlærar har straks samtale med offeret. Gje støtte ved å sei at du veit om hendinga og at skulen skal hjelpe. Informer om korleis skulen vil arbeide med saka. Skriv notat/logg. Andre tek over klassen.
- Undersøkingane vert samanstilte og analyserte av kontaktlærar og/eller rektor
- Beskriv hendinga, mål og tiltak **skriftleg**. Avtal nytt møte

Samtale med dei som har vore med på krenkinga - ein og ein

- Beskriv hendinga, mål og tiltak skriftleg
- Gå «krett på» den som har krenka og understrek alvoret i situasjonen
- Ikkje godta bortforklarings – still spørsmål. (Kva kan du straks gjere for å få slutt på mobbinga?)
- Tilby samarbeid. Bruk fantasien. Kva punkt kan du og eleven bli samde om?
- Informer om korleis skulen skal arbeide med problemet framover
- Informer om at den som har krenka har gjort noko ulovleg og kva dette kan føre til
- Legg vekt på eleven sine positive sider, og gjer det klart at det er krenkinga som ikkje vert godteken
- Avtal dato for neste møte

Vurder om det skal haldast meklingsmøte. Bli samde om tiltak og mål

- Kontakt føresette til både offer og mobbarar
- Heile personalet vert informert og ekstra inspeksjon vert vurdert
- Skriftleg plan for tiltak og dokumentasjon av det som er gjort vert arkivert i elevmappene
- Evaluering

Det er viktig med dokumenterte oppfølgingsmøte. Føresette skal handast informerte underveis.

Kontaktlærar og rektor vurderer om andre i hjelpetenesta skal involverast

Krenking/mobbing på skulevegen

Kapittel 9 A gjelder ikke på skoleveien eller i fritiden. I forarbeidene heter det at de som arbeider på skolen ikke har «plikt til å følge med på at elevene har det trygt og godt utenfor skolens område, for eksempel på skoleveien, og har ikke samme mulighet eller plikt til å gripe inn.».

Kunnskapsdepartementet har likevel presisert at «selv om skolens aktivitetsplikt knytter seg til om eleven har det trygt og godt på skolen, er den ikke begrenset av årsaken til at eleven opplever ikke å ha det trygt og godt. Dersom forhold utenfor skolen, for eksempel på skoleveien, gjør at en elev ikke opplever at det er trygt og godt å være på skolen, har skolen like fullt en plikt til å hjelpe eleven», jf. Prop. 57 L (2016-2017) punkt 8.2.4. Når det gjelder tiltak, har Kunnskapsdepartementet i brev datert 26.10.2017 uttalt: «Det er heller ikke tvil om at tiltak som settes inn for å sikre en elevs rett til et trygt og godt skolemiljø kan ha skoleveien som virkeområde, f.eks. følgegrupper, trafikkvakter, tilsyn eller annet».

(Skolemiljø Udir-3-2017)

Aktuelle tiltak ved krenking av medelev

- Ekstra tilsyn i friminutta
 - Mobbar må gå saman med tilsett som har inspeksjon i friminutta
- Andre tiltak kan ved særskilde høve vere
- Tap av fellesfriminutt
 - Mobbar må komme/gå – før / etter skuletid
 - Følgje til/frå skulen
 - Utvising frå skulen (ungdomstrinn)
 - Mobbar må bytte skule

Dei fem aktivitetspliktene

1. Følgje med
2. Gripe inn
3. Varsle
4. Undersøke
5. Setje inn eigne tiltak

Skulen skal aldri avvise eller bagatellisere ein elev si oppleveling av å vere utrygg eller mistrivsel på skulen. Så lenge ein elev sjølv meiner at han eller ho ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, har skulen plikt til å handle gjennom å setje inn tiltak.

Tiltaksplikt er uavhengig av om eleven ynskjer det.

(Revidert oktober 2021)